

Ungdomsskuleelevar i Bygland kommune



Kva driv ungdommane med?
Korleis har dei det?

OSLOMET

STORBYUNIVERSITETET
VELFERDSFORSKNINGSINSTITUTTET NOVA

ungdata

KoRus Sør
Blå Kors Borgestadklinikken

Rapporten er utarbeidd av Ungdatasenteret i samarbeid med KoRus - Sør.

Foto: Skjalg Bøhmer Vold/Ungdata

Ungdatasenteret
Velferdsforskningsinstituttet NOVA,
OsloMet – storbyuniversitetet
Stensberggata 26
Postboks 4, St. Olavs plass
0130 OSLO
67 23 50 00
www.oslomet.no
www.ungdata.no



KoRus - Sør
Borgestadklinikken
Kongens gate 33
3717 SKIEN
35 90 47 00
www.korus-sor.no



Innhald

Om rapporten	2
Ungdataundersøkinga	3
Foreldre	4
Venner	6
Lokalmiljøet	8
Skuletrivsel	10
Skulearbeid	12
Skulk	14
Framtidstru	16
Heime	18
Ute med venner	20
Mediebruk	22
Organisert fritid	24
Trening	26
Helse	28
Kosthald	30
Fysiske plager	32
Psykiske plager	34
Sjølvbilete	36
Tobakk	38
Alkohol	40
Hasj	42
Mobbing	43
Vald	45
Regelbrot	47
Nøkkeltal	49
Litteratur	53

Om rapporten

Ungdata er eit spørjeskjemabasert verktøy som gir eit breitt bilet av korleis ungdom har det og kva dei driv med i fritida. Denne rapporten presenterer hovudresultata frå ungdataundersøkinga som ble gjennomført blant ungdomsskuleelevar i Bygland kommune våren 2019.

Rapporten tek føre seg 23 tema og gjev eit bilet av ungdomstida i starten av tenåra. Innanfor kvart tema blir det opplyst kva gutter og jenter har svart på spørsmåla. Alle resultata i rapporten er oppgjevne i prosent.


I rapporten blir resultata for 2019 samanlikna med eventuelle tidlegare ungdataundersøkingar som er gjennomførte i kommunen. Resultata frå 2019 blir òg samanlikna med landsrepresentative tal som er baserte på ungdataundersøkingar gjennomført over heile landet i perioden 2016-2018.

Ungdata kartlegg livssituasjonen til ungdommane

Bakarst finst det ei oversikt over nøkkeltal på tvers av ulike temaområde som viser korleis ungdom i kommunen har det samanlikna med ungdom i fylket og i andre typer kommunar.

På nettsida ungdata.no finst resultat frå ungdataundersøkingar som er gjennomførte i andre kommunar. Her finst det meir informasjon om undersøkinga og om metodane som er brukte. Her finn ein òg forskingsresultat som er baserte på Ungdata.

Denne rapporten er ein del av gratistilbodet som blir gjeve til alle kommunar som ønskjer å delta i Ungdata. Alle tala er henta frå den lokale undersøkinga, medan tekstane er utforma slik at dei skal passe for alle kommunar. Det er derfor ikkje gjort eigne vurderingar av kva dei konkrete resultata betyr for den enkelte kommunen.



Kva kan Ungdata seie noko om?

Intensjonen bak Ungdata er å kartleggje korleis ungdom har det og kva dei driv med i fritida. Undersøkinga omfattar tema som er knytte til familie, vennskap, skule, lokalmiljø, helse, mobbing, regelbrot og deltaking i fritidsaktivitetar.

Ved å spørje ungdom direkte om desse temaene kan Ungdata gje ei oversikt over kor mange det er som til dømes trivst i lokalmiljøet sitt eller som driv med idrett. Resultata må tolkast lokalt, og dei kan gje ein peikepinn på kva for område det kan vere verdt å satse vidare på for kommunen.

Dei fleste kommunane i landet bruker no Ungdata som eitt av fleire kunnskapsgrunnlag for å vidareutvikle den lokale oppvekstpolitikken og i arbeidet med å betre folkehelsesituasjonen for unge. Resultata frå Ungdata kan òg brukast til å gjere ungdom medvitne om korleis andre ungdommar har det og kva som er vanlege fritidsaktivitetar.

Ungdataundersøkinga

Ungdata blir gjennomført ved at skuleelevar over heile landet svarer på eit elektronisk spørjeskjema som omfattar ulike sider ved livssituasjonen deira. Undersøkinga blir gjennomført i skuletida med ein vaksen til stades i klasserommet. Det tek dei fleste mellom 30 og 45 minutt å svare på alle spørsmåla.

Undersøkinga er anonym, og det er frivillig for ungdommene om dei ønskjer å vere med eller ikkje. Alle foreldre blir informerte om undersøkinga på førehand og kan seie frå til skulen dersom dei ikkje ønskjer at barnet deira skal delta.

Spørjeskjemaet som blir brukt i Ungdata, er tilpassa elevar på ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring. Denne rapporten dekkjer berre ungdomstrinnet. Kommunar som gjennomfører undersøkinga på vidaregåande, får eigne rapportar som viser resultata frå den delen av undersøkinga.

Kven står bak Ungdata?

Velferdsforskningsinstituttet NOVA ved OsloMet - storbyuniversitetet (tidl. Høgskolen i Oslo og Akershus) og sju regionale kompetansesenter innanfor rusfeltet (KoRus) står bak Ungdata.

Undersøkinga blir gjennomført i samarbeid med kommunen, som står for den praktiske gjennomføringa på skulane.

Data frå alle kommunane blir samla i den nasjonale Ungdatabasen. Databasen inneheld svar frå meir enn 500 000 ungdommar som har delteke i Ungdata sidan dei første undersøkingane blei gjennomførte i 2010.

Helsedirektoratet finansierer Ungdata som eit gratistilbod til alle kommunane i Noreg.


Kor mange deltok i undersøkinga?

42

Kva er svarprosenten?

91 %

Talet gutter og jenter som svarte på undersøkinga i Bygland



Når ein tolkar resultata, kan det vere lurt å ta omsyn til at det alltid er ei viss statistisk usikkerheit knytt til dei oppgjevne prosenttala. Usikkerheita er størst i dei tilfella der det er relativt få ungdommar som har svart på undersøkinga.

Foreldre

Sjølv om ein stor del av barndommen og ungdomstida går føre seg innanfor rammene av barnehage, skule og ulike fritidsordningar, er foreldra framleis dei viktigaste omsorgspersonane for dei aller fleste gjennom oppveksten. Foreldra sine ressursar - økonomisk, kulturelt og sosialt - dannar grunnlaget for levekåra til barn og unge. Etter barnelova har foreldre plikt til å sørge for økonomisk underhald og omsorg, og dei skal sikre ei forsvarleg oppseding og at barnet får ei utdanning.

Etter kvart som barn blir eldre, blir deira eigne meininger og interesser viktigare. Lausriving og det å bli ein sjølvstendig person er òg ein del av det å vere ung. Her kan det ligge ein kime til konfliktar mellom dei unge og foreldra. Likevel varer som regel den emosjonelle nærliken til foreldra ved utover i ungdomstida, og for mange unge er foreldra dei viktigaste støttespelarane når det oppstår problem av ulike slag.



Ungdata viser at dei færreste ungdommar opplever stadige kranglar med foreldra, og at det store fleirtalet er svært godt nøgde med foreldra sine.

I dag har svært mange ungdommar eit tillitsfullt og nært forhold til foreldra sine, og mykje tyder på at den generasjonskløfta som prega ein del av dei tidlegare ungdomsgenerasjonane, ikkje er til stades lenger. At banda mellom dagens ungdom og foreldra deira er prega av tillit, blir understreka av at svært mange opplever at foreldra har god oversikt over kva dei gjer i fritida og kven dei er saman med.

Dei fleste er
svært godt nøgde
med foreldra sine

Kor nøgd er du med foreldra dine?

Prosentdel av ungdomsskuleelevar i Bygland og i Noreg



■ Svært nøgd ■ Litt nøgd ■ Verken nøgd eller misnøgd ■ Litt misnøgd ■ Svært misnøgd

Prosentdel som er nøgde med foreldra sine

Blant gutter og jenter




Korleis ungdommar opplever foreldra sine



Tidstrend i Bygland

Prosentdel ungdomsskuleelevar som er nøgde med foreldra sine



Venner

Ungdomstida blir gjerne beskriven som ein livsfase der jamaldringar er særleg viktige. For dei fleste er venner ei kjelde til leik, glede, støtte, samhør og stadfesting. På lengre sikt er jamaldringane viktige for utviklinga av sjølvbilete og sosial kompetanse. Mange knyter òg vennskap i denne perioden som varer livet ut.

Vennene si tyding endrar seg i overgangen frå barn til tenåring. Medan leiken står i sentrum for dei yngste, blir det etter kvart like viktig kven ein er saman med som kva ein gjer.

Rolla dei jamaldra vennene spelar i livet til den enkelte ungdommen, vil variere. Medan nokre trivst godt med éin eller to venner, er andre opptekne av å ha ein stor vennegjeng og flest mogleg likes på Facebook. For mange vil likevel kvaliteten på vennskapane vere viktigare enn talet.

Den auka bruken av sosiale medium har gjeve ungdom ein ny arena å vere saman



på. Ungdommane deler informasjon og opplysningar om liva sine, kva dei gjer og kven dei er saman med på ein annan møte enn før.

Å ha venner tyder at ein er godteken, det markerer tilhørysle og seier noko om kven ein er. Det er derfor positivt når Ungdata viser at dei aller fleste ungdommane har venner å vere saman med. Det er samstundes urovekkjande at kvar tiande ungdom i Noreg manglar venner dei kan stole på og snakke med om alt mogleg.

**Dei aller fleste
har venner dei kan stole
på**

Har du minst éin venn som du kan stole heilt på og tru deg til om alt mogleg?

Prosentdel av ungdomsskuleelevar i Bygland og i Noreg



■ Ja, heilt sikkert ■ Ja, det trur eg ■ Det trur eg ikkje ■ Har ingen eg ville kalle venner no for tida


Prosentdel som har ein fortuleg venn

Blant gutter og jenter




Når du er saman med venner, kven er du då ofta saman med?

■ Gutar ■ Jenter



Tidstrend i Bygland

Prosentdel ungdomsskuleelevar som har minst éin fortuleg venn



Lokalmiljøet

Dagens unge veks opp i ei globalisert verden der menneske, meininger og inntrykk vandrar på tvers av landegrenser og sosiokulturelle skilje. Samstundes er det lokale og det å høre til i nærmiljøet framleis svært viktig i menneske sine liv.

Å vekse opp tyder å vekse opp på ein bestemt stad, og ulike lokalmiljø kan gje ulike moglegheiter til å utfalde seg og ha sosialt samvær. Tilbodet av organisasjonar, fritidstilbod og kulturtilbod påverkar korleis kvar enkelt kan utfalde seg og bidreg samstundes til å skape identitet og tilhørsle i eit lokalmiljø. Det same gjeld tilgangen på opne møteplassar, rekreasjonsområde og urørt natur. Opplevinga av lokalmiljøet vil òg vere prega av utsiktene til utdanning, arbeid og familieetablering på sikt.

Barn og unge bruker lokalmiljøet i større grad og på ein annan måte enn foreldra. Trygge og sunne lokalmiljø er derfor særleg viktig for velferda til denne aldersgruppa. Barn og unge kan òg ha andre meininger

enn vaksne om kva som gjev livskvalitet på heimstaden.



Ungdata viser at ungdommar flest er litt eller særskilt godt nøgde med lokalmiljøet sitt. Men det finst òg ein del som ikkje er så godt nøgde. Prosentdelen unge som er nøgde med staden der dei bor, økk i løpet av ungdomsskulen. Dette gjeld særleg jentene.

Kva ungdom er nøgd og misnøgd med, varierer mykje frå kommune til kommune. Dette viser at kommunane kan gjere mykje for å legge til rette for at ungdommen skal trivast.

Ikkje alle er like godt nøgde med lokalmiljøet sitt

Kor godt nøgd er du med lokalmiljøet der du bur?


Prosentdel av ungdomsskuleelevar i Bygland og i Noreg




■ Svært nøgd ■ Litt nøgd ■ Verken nøgd eller misnøgd ■ Litt misnøgd ■ Svært misnøgd

Prosentdel som er nøgde med lokalmiljøet

Blant gutter og jenter




Korleis ungdom opplever tilbodet der dei bur



Tidstrend i Bygland

Prosentdel ungdomsskuleelevar som er nøgde med lokalmiljøet der dei bur



Skuletrivsel

Skulen er ikkje berre ein stad for læring, men òg ein arena for sosialt samvær. Den sosiale sida ved skulen er kanskje ekstra viktig i ei tid der digitale kommunikasjonsformer pregar mykje av fritida til ungdommen.

Svara frå Ungdata viser at dei fleste trivst på skulen. Det store fleirtalet meiner at lærarane bryr seg om dei, og like mange føler at dei passar inn blant elevane på skulen. Svara tyder på at den norske skulen har lukkast med å skape eit læringsmiljø som det store fleirtalet av elevane opplever som positivt.

Sjølv om jenter i gjennomsnitt får ein god del betre karakterar enn gutter, er det ikkje nokon større kjønnsforskjell i skuletrivsel.



Likevel har prosentdelen som trivst på skulen, gått ned litt kvart år sidan 2012.

Prosentdelen unge som kjedar seg på skulen, har gått opp, og det er fleire ungdommar som gruer seg til å gå på skulen, enn det var for nokre år sidan. Endringane gjeld for begge kjønn.

Skulen ein god
stad å vere
– men ikkje for alle

Kor nøgd er du med skulen du går på?


Prosentdel av ungdomsskuleelevar i Bygland og i Noreg




■ Svært nøgd ■ Litt nøgd ■ Verken nøgd eller misnøgd ■ Litt misnøgd ■ Svært misnøgd

Prosentdel som er nøgde med skulen dei går på

Blant gutter og jenter




Korleis ungdom opplever skulen



Tidstrend i Bygland

Prosentdel ungdomsskuleelevar som er nøgde med skulen dei går på



Skulearbeid

Lekser har lang tradisjon i norsk skule. Opphavleg blei lekser gjevne for at elevane skulle pugge seg fram til kunnskap, og presten eller læraren kunne kontrollere kva elevane kunne gjennom høyringar. Sjølv om pugging blir rekna som ein mindre relevant læringsstrategi i dag, vel likevel dei fleste skular å gje elevane lekser.

Lekser kan bidra til betre sjølvdisiplin og gode arbeidsvanar, og det kan vere ein effektiv måte for skulen å få involvert foreldra i skulearbeidet på. Den viktigaste grunngjevinga ligg likevel i forventninga om at lekser aukar læring, men forsking tyder ikkje på at leksearbeid i seg sjølv har særleg stor læringseffekt. Det vil mellom anna kome an på under kva vilkår leksene blir gjevne og skulearbeidet gjort, men òg på tilbakemeldingane frå lærarane i etterkant.

Ungdata viser at ungdom flest bruker ein del tid på lekser, men det er stor variasjon i kor mykje tid kvar enkelt bruker. Medan nokre ikkje gjer lekser i det heile teke, bruker

andre fleire timer kvar dag. Jentene bruker i gjennomsnitt mykje meir tid på lekser enn gutane.



Fram til 2015 viste Ungdata ein tydeleg auke i kor mykje tid ungdom brukte på lekser. Denne tidstrenden er no broten, og dei siste åra har det blitt mange færre ungdommar som bruker mykje tid på skulearbeidet, både blant gutter og jenter.

Mange ungdommar uttrykkjer i Ungdata at dei har meir skulearbeid enn dei klarer å gjere. For nokre bidreg lekser og karakterpress til å gjere skulekvardagen stressande.

Det er stor variasjon i kor mykje tid ungdom bruker på lekser

Kor lang tid bruker du i gjennomsnitt per dag på lekser og anna skulearbeid (utanom skuletida)?

Prosentdel av ungdomsskuleelevar i Bygland og i Noreg




■ Mindre enn ein halvtime ■ Ein halv til ein time ■ Éin til to timer ■ To timer eller meir

Prosentdel som bruker minst éin time kvar dag på lekser

Blant gutter og jenter




Kor ofte har du hatt det slik dei siste månadene?



Tidstrend i Bygland

Prosentdel ungdomsskuleelevar som bruker minst éin time kvar dag på lekser



Skulk

Motivasjon for læring er ei sentral drivkraft bak den enkelte eleven sine skuleresultat. Dette viser seg på ulike måtar, både gjennom utdanningsvala elevane gjer, den innsatsen dei legg ned, og elevane si tilslutning til skulen sine føremål og reglar. Skulemotivasjon på ungdomstrinnet har òg tyding for i kor stor grad den enkelte klarer å gjennomføre vidaregåande opplæring.

Å skulke skulen, særleg når det skjer fleire gonger, kan vere eit uttrykk for at enkeltelevar manglar motivasjon for læring.

Lite tyder på at norske elevar sluttar mindre opp om skulen sitt hovudføremål i dag enn



før. Tvert imot, fleire undersøkingar viser at elevane på mange måtar er meir pliktoppfyllande og disciplinerte enn for nokre tiår sidan.

Samstundes tyder ungdataundersøkingane frå dei siste par åra på at dette er i endring. Det er litt fleire som skulkar på ungdomstrinnet. Frå 2015 har det vore ein auke både blant gutter og jenter på ungdomstrinnet.

Det er lite som skil gutter og jenter når det gjeld kor mange som skulkar skulen.

Kor mange gonger har du skulka skulen det siste året?

Prosentdel av ungdomsskuleelevar i Bygland og i Noreg



■ Ingen gonger


■ 1 gong

■ 2 til 5 gonger

■ 6 gonger eller meir


Kor mange gonger har du Skulka skulen siste året?

Prosentdel blant gutter og jenter



Tidstrend i Bygland

Prosentdel ungdomsskuleelevar som har skulka skulen minst éin gong i løpet av det siste året



Framtidstru

Det har heller aldri tidlegare vore så mange unge som tek så lange utdanningsar som i dag. Mot slutten av 20-åra har meir enn halvparten av jentene og rundt ein tredel av gutane høgare utdanning. Svara reflekterer at vi i dag har å gjere med ein utdanningsorientert ungdomsgenerasjon.

Dei aller fleste byrjar direkte i vidaregåande opplæring etter grunnskulen. Likevel er det ikkje alle som fullfører. Om lag éin av tre fell frå undervegs eller har ikkje bestått etter fem år. Denne prosentdelen har vore stabil sidan 1994. At så mange ikkje fullfører, er eit problem fordi vidaregåande utdanning i stadig større grad har blitt eit vilkår for å kome seg ut i arbeidslivet.



Fram til 2015 var det ein trend i retning av at stadig fleire unge trudde at dei ville kome til å ta utdanning på universitet eller høgskule. Tala for dei siste åra tyder på at denne trenden har blitt broten eller har flata ut.

På andre område ser vi derimot ein tydeleg trend i retning av mindre framtidsoptimisme. Prosentdelen som trur at dei aldri kjem til å bli arbeidsledige, har gått tydeleg ned, og færre enn før trur at dei kjem til å leve eit godt og lykkeleg liv.

Eit av dei sentrale måla i norsk utdanningspolitikk har vore sosial utjamning, slik at alle skal ha dei same moglegheitene til utdanning. Til tross for at vi har eit ope utdanningssystem med gode finansieringsordningar, er det framleis store forskjellar i utdanningsval etter utdanningsnivået, inntekta og yrkesstatusen til foreldra. Samstundes siktar mange unge med innvandrarbakgrunn høgt i utdanningssystemet, gjerne mot dei mest prestisjefylte studia.


Trur du at du kjem til å leve eit godt og lykkeleg liv?

Prosentdel av ungdomsskuleelevar i Bygland og i Noreg




Prosentdel som trur dei kjem til å leve eit godt og lykkeleg liv

Blant gutter og jenter




Kva trur du om framtida di? Trur du at du...



Tidstrend i Bygland

Prosentdel ungdomsskuleelevar som trur at dei...

■ Vil få eit lykkeleg liv ■ Vil ta høgare utdanning ■ Vil bli arbeidslaus



Heime

Ungdommen si fritid er i endring, og heimen har blitt ein stadig viktigare opphaldsstad for dei unge. Ei viktig årsak til dette er den nye kommunikasjonsteknologien som gjer det mogleg å vere heime og samstundes ha kontakt med vennene sine. Med internett har ungdommen mindre behov for å treffast på senteret eller «på løkka».

Fleire andre endringar i ungdomslivet kan òg bidra til at ungdom bruker meir tid heime. Fleire har argumentert for at generasjonskløfta er mindre enn tidlegare. Dette gjer det enklare for mange unge å vere i same hus som foreldra. Prestasjonskrav i skule- og utdanningssamanheng kan òg ha ført til at ungdommar held seg heime for å gjere skulearbeid. Sidan bustadene òg har blitt større, har dei fleste tenåringar sitt eige rom, og mange disponerer ei kjellarstove eller loftsstove der dei kan vere saman med venner.



Svara frå Ungdata tyder på ein nokså heimekjær ungdomsgenerasjon. Dette gjeld både gutter og jenter og på tvers av alder.

Samstundes viser Ungdata at tida ungdom bruker heime, i stadig mindre grad blir brukt saman med andre ungdommar, i alle fall fysisk. Mange bruker mykje tid på å vere sosiale via nettet, enten gjennom sosiale medium eller online dataspel. Heimen har såleis blitt svekt som arena for fysisk samvær med jamaldringar i dei seinare åra til fordel for nye måtar å kommunisere med kvarandre på.


Ein heimekjær ungdomsgenerasjon

Kor mange gonger har du vore heime heile kvelden i løpet av den siste veka?


Prosentdel av ungdomsskuleelevar i Bygland og i Noreg



Prosentdel som har vore saman med venner heime minst to gonger i løpet av den siste veka Blant gutter og jenter




Kor mange gonger har du gjort dette i løpet av den siste veka?



Tidstrend i Bygland

Prosentdel ungdomsskuleelevar som har vore saman med venner heime hos kvarandre minst to gonger i løpet av den siste veka



Ute med venner

I ungdomsforskinga har det vore vanleg å skilje mellom ungdommane si uteorienterte og heimeorienterte fritid. Medan den heimeorienterte fritida gjev foreldre større moglegheit til å kontrollere kva ungdommen gjer, har dei unge større spelrom til å prøve ut grenser når dei oppheld seg utanfor heimen.

Ungdata viser at i løpet av dei siste åra har det blitt stadig færre ungdomsskule-elevar som bruker fritida si ute med venner om kveldane. Eit endra fritidsmønster endrar gjerne uroa rundt korleis ungdommen bruker fritida si. I dag vekkjer digitale aktivitetar framfor skjermar av ulike slag større uro enn det ustukturerte samværet med jamaldringar ute på gatehjørnet.

I dag er uroa gjerne knytt til manglande fysisk aktivitet og kvaliteten på det sosiale samværet. Tidsbruksundersøkingane til



Statistisk sentralbyrå viser at samanlikna med dei som var unge på 1980- og 1990-talet, bruker dagens unge mindre tid på idrett og friluftsliv og er mindre saman med jamaldringar.

Generelt er det små kjønnsforskjellar i det uteorienterte fritidsmønsteret, medan det er fleire av dei eldste ungdomsskuleelelevane som heng ute om kvelden.


Det er mindre vanleg at ungdom heng ute med venner

Kor mange gonger har du vore ute med venner størsteparten av kvelden i løpet av den siste veka?


Prosentdel av ungdomsskuleelevar i Bygland og i Noreg



Prosentdel som har vore ute med venner størsteparten av kvelden minst to gonger i løpet av den siste veka Blant gutter og jenter




Kor mange gonger har du gjort dette i løpet av den siste veka?



Tidstrend i Bygland

Prosentdel ungdomsskuleelevar som har vore ute med venner størsteparten av kvelden minst to gonger i løpet av den siste veka



Mediebruk

I dag speler digitale medium ei sentral rolle i kvardagen, både for skuclearbeid og det sosiale livet til ungdommane. Teknologien gjer at barn og unge kjem i kontakt med jamaldringar på nye måtar. Særleg er dei sosiale media ein sentral formidlingskanal for det som elles skjer i ungdomskulturane. Det kan handle om alt frå å halde kontakten med venner til å arrangere festar, konsertar eller politiske markeringar. Mange bruker mykje av fritida si på internett, og det kan ha store sosiale kostnader for den enkelte unge å ikkje vere til stades.

Sjølv om mange bruker mykje av fritida si på sosiale aktivitetar, er det stor variasjon mellom ungdommar. Nokre få bruker mindre enn éin time kvar dag, medan rundt halvparten bruker meir enn tre timer.

Skjermtida aukar gjennom ungdomstrinnet, og på landsbasis bruker gutter til saman noko meir tid framfor skjermen enn jenter.



Sidan 2015 har det vore ein auke i prosentdelen unge som bruker minst tre timer framfor ein skjerm. Den største auken finn vi blant jenter på ungdomstinnet, og dette skuldast at stadig fleire bruker mykje tid på sosiale medium.

Det er ein stor kjønnsskilnad i kva gutar og jenter bruker media til. Medan gutter er mykje meir opptekne av spel, er jenter oftare på sosiale medium. Samla bruker jenter noko meir tid enn gutter på filmar, seriar og TV-program.

Stor variasjon i ungdommen sin bruk av digitale medium

Utanom skulen, kor lang tid bruker du vanlegvis framfor ein skjerm i løpet av ein dag?


Prosentdel av ungdomsskuleelevar i Bygland og i Noreg




■ Mindre enn éin time ■ Éin til to timer ■ To til tre timer ■ Tre til fire timer ■ Meir enn fire timer

Prosentdel som bruker minst to timer kvar dag på elektroniske spel

Blant gutter og jenter




Tidsbruk i løpet av ein vanleg dag



Prosentdel som bruker minst to timer kvar dag på sosiale medium

Blant gutter og jenter



Organisert fritid

Organisasjonar, klubbar, lag og foreiningar er viktige arenaer for samvær med andre unge. Samanlikna med skulen og uformelt samvær mellom ungdom gjev deltaking i organisasjonane ungdommen andre typar erfaringar. På sitt beste gjev organisasjonane ungdom moglegheiter til å utvikle evnene sine, lære å fungere i ein fellesskap, ytre eigne meningar og jobbe målretta.

Ein går ofte ut frå at barne- og ungdomsorganisasjonane spiller ei førebyggjande rolle. Forsking tyder likevel på at samanhengen mellom til dømes rusmiddelbruk og organisasjonsdeltaking varierer ein del med organisasjonstypen. Det er òg slik at mange av organisasjonane særleg rekrutterer ungdom som i utgangspunktet er «veltilpassa».

Ungdata viser at dei fleste barn og unge har delteke i eller vore innom ulike typar organiserte fritidsaktivitetar gjennom oppveksten. Sjølv om det er ein viss



nedgang i løpet av ungdomsåra, deltek to av tre ungdomsskuleelevar på landsbasis i ei eller anna form for organisert fritids-aktivitet. Idretten organiserer klart flest.

Landsrepresentative undersøkingar frå dei siste tiåra tyder på at prosentdelen unge medlemmer i frivillige organisasjonar har gått nedover. Det er organisasjonar som speidarrørla, korps, kor og religiøse foreiningar som har opplevd størst medlemssvikt. Idrettslag, derimot, har i stor grad behalde den store oppslutninga.

Dei aller fleste har
delteke i organiserte
fritidsaktivitetar
gjennom oppveksten

Er du, eller har du tidlegare vore, med i organisasjonar, klubbar, lag eller foreiningar etter at du fylte 10 år?


Prosentdel av ungdomsskuleelevar i Bygland og i Noreg



■ Ja, eg er med no ■ Nei, men eg har vore med tidlegare ■ Nei, eg har aldri vore med


Prosentdel som er med i ein fritidsorganisasjon

Blant gutter og jenter




Deltaking i ulike organiserte fritidsaktivitetar

Talet gonger i løpet av den siste månaden



Tidstrend i Bygland

Prosentdel ungdomsskuleelevar som er med i ein fritidsorganisasjon



Trenings

Svært mange unge driv med trenings på fritida. Nokre spelar handball, basket eller fotball gjennom eit idrettslag, medan andre trenar på treningsenter. Det er òg mange unge som syklar eller spring seg ein tur, enten aleine eller saman med venner.

Media gjev av og til inntrykk av at norsk ungdom held på å forfalle fysisk. Forsking viser derimot at det er like mange som trenar i dag som for 20 år sidan.

Samstundes er mange lite fysisk aktive elles i kvarldagen, og mykje tid blir brukt framfor skjermar av ulike slag.

Mange sluttar i idrettslag i løpet av ungdomstida. Ein god del av desse byrjar å trenere på treningscenter eller trenar på eiga hand. Samla sett er det derfor ikkje så store forskjellar på treningsaktivitet mellom ungdom på ulike klassetrinn.

Ungdata viser at dei fleste unge driv med ei eller anna form for trenings.



Det har tradisjonelt vore klare kjønnsforskjellar i trenings, og særleg har det vore fleire gutter enn jenter i idrettslag. Dei siste åra har vi sett ein tendens til at fleire jenter trenar på andre arenaer (utanfor idrettslag), slik at det i dag er små kjønnsforskjellar i trenings samla sett.

I mange idrettar blir det stilt store krav til utstyr og deltaking, og det kan koste ein god del å vere med. Dette kan vere ei utfordring når det gjeld å nå det overordna målet for norsk idrett: «idrett for alle».

Dagens ungdom er
opptekne av trenings

Kor ofte trenar du?


Prosentdel av ungdomsskuleelevar i Bygland og i Noreg



■ Aldri eller sjeldan ■ 1-3 gonger i månaden ■ 1-2 gonger i veka ■ 3-4 gonger i veka ■ Minst 5 gonger i veka


Prosentdel som trenar minst éin gong i veka

Blant gutter og jenter



Prosentdel som trenar minst éin gong i veka


■ Gutar ■ Jenter



Tidstrend i Bygland

Prosentdel ungdomsskuleelevar som trenar minst éin gong i veka

■ I eit idrettslag ■ Trenar på eiga hand ■ På treningsstudio



Helse

Eigenvurdert helse er ein viktig indikator for sjukelegheit og bruk av helsetenester og blir brukt til å overvake befolkninga sin helsestatus over tid.

Livsstilsvanar blir ofte etablerte i ungdomsåra og kan påverke helsa både i ungdomstida og seinare i livet. Prosentdelen unge som røykjer har gått ned i Noreg, og fleire av røykjearane, særleg blant gutter, har gått over til snus. Det har òg vore ein nedgang i forbruket av alkohol og andre rusmiddel.

Barn og unge opp til 16-årsalderen er jamt over fysisk aktive, men aktivitetsnivået søkk med alderen. Jenter er mindre fysisk aktive enn gutter. Tilbodet av skjermbaserte aktivitetar har auka med åra, og står no fram som eit urovekkjande alternativ til fysisk aktivitet.



Samstundes er det generelt større fokus på helse i dag enn før, og i ein del ungdomsmiljø er det blitt in å vere sunn. Større kunnskap om risikofaktorar har gjort at vi i dag er meir opptekne av å førebyggje därleg helse. Samstundes har vi sannsynlegvis blitt flinkare til å kjenne etter korleis vi har det.

Ungdata viser at dei fleste unge er nøgde med si eiga helse. Generelt er jenter litt meir misnøgde enn gutter. Det er òg ein tendens til at det er fleire som er misnøgde med si eiga helse blant dei eldste tenåringane.

Dei fleste er nøgde med
si eiga helse

Kor nøgd er du med helsa di?

Prosentdel av ungdomsskuleelevar i Bygland og i Noreg



■ Svært nøgd

■ Litt nøgd


■ Verken nøgd eller misnøgd

■ Litt misnøgd


■ Svært misnøgd

Prosentdel som er nøgde med helsa si

Blant gutter og jenter




Bruk av helsetenester - gonger i løpet av det siste året



Tidstrend i Bygland

Prosentdel ungdomsskuleelevar som er nøgde med helsa si



Kosthald

Ungdomstida er prega av at kroppen utviklar seg raskt og behovet for næringsstoff aukar. Det vi et og drikk påverkar helsa vår. Eit sunt kosthald og god ernæring kan redusere risikoen for ei rekke sjukdomar og er avgjerande for vekst og utvikling i ungdomstida. Gode kosthaldsvanar blir òg etablerte tidleg og tekne med vidare i livet.

Folkehelseinstituttet tilrår at eit sunt kosthald blant anna bør innehalde grove kornprodukt, grønsaker, frukt, fisk, fugl og kjøt. Samstundes bør ein redusere sukkerinntaket.

Større autonomi frå foreldra og betre tilgang til pengar gjer at ungdom har meir kontroll over sitt eige kosthald enn det dei hadde som barn. Freistingane er store, og for mange er det lett å velje usunne mat- og drikkevarer.

Spørsmål om kosthald kom for første gong med i Ungdata sin grunnmodul i 2017. Ungdata viser at det er stor variasjon i kosthaldet til ungdom. Til dømes et éin av tre ungdommar frukt og grønt kvar dag, samstundes som ein god del sjeldan får i seg slike matvarer.


Fleirtalet av ungdom et fisk til middag eller som pålegg minst éin gong i veka. Det same gjeld kjøtdeigbaserte produkt som pølser og hamburgarar.

Dei fleste et godteri eller snacks kvar veke, men det er få som gjer det mange gonger i veka. Det er litt fleire jenter enn gutter som et godteri regelmessig.

Stor variasjon i kosthaldet til unge

Prosentdel som et frukt og bær minst fire gonger i veka

Blant gutter og jenter




Prosentdel som et godteri minst fire gonger i veka

Blant gutter og jenter




Så ofte et ungdom...



■ Sjeldnare enn éin gong i veka ■ 1 gong i veka ■ 2-3 gonger i veka ■ 4-6 gonger i veka ■ Kvar dag

Så ofte drikk ungdom...



■ Sjeldnare enn éin gong i veka ■ 1 gong i veka ■ 2-3 gonger i veka ■ 4-6 gonger i veka ■ Kvar dag

Fysiske plager

Verdas helseorganisasjon definerer helse som «ei tilstand av fullkommen fysisk, psykisk og sosial velvære - ikkje berre fråvær av sjukdom eller svakheit». God fysisk helse inneber å ha ein frisk og sunn kropp, vere i fysisk aktivitet, ha god ernæring og få nok kvile.

Sjølv om ungdom generelt har god fysisk helse, er det likevel mange som slit med ulike plager i kvardagen. Ungdata kartlegg ein del psykosomatiske plager, og resultata viser at dei aller fleste opplever slike plager frå tid til anna. Dei vanlegaste plagene er hovudverk, vondt i magen og smerter i nakken, skuldrar, ledd og muskulatur. For dei fleste skjer dette berre nokre få gonger.

Likevel er det på landsbasis rett under 10 prosent av gutane og rundt 20 prosent av jentene som dagleg er plaga med hovudverk, magesmerter, ryggsmarter eller andre psykosomatiske problem.


Jenter er altså mykje meir utsette enn gutane. For gutar endrar ikkje omfanget av helseplager seg noko særleg gjennom ungdomsåra, medan det blant jenter er ein stor auke i starten av tenåra før helseplagene flatar ut.

Det er samstundes langt fleire jenter enn gutar som ofte bruker reseptfrie medikament som Paracet o.l. Forbruket av smertestillande medisinar blandt norske 15- og 16-åringar er høgt, og har stige ein god del sidan 2011.

Ein god del ungdommar
slit dagleg med fysiske
helseplager


Kor ofte bruker du reseptfrie medikament?

Prosentdel av ungdomsskuleelevar i Bygland og i Noreg




Prosentdel som bruker reseptfrie medikament kvar veke eller kvar dag

Blant gutter og jenter




Så mange har hatt ulike plager i løpet av den siste månaden



Prosentdel som dagleg slit med ein eller fleire av plagene som er viste i figuren over

Blant gutter og jenter



Psykisk helse

Ungdomstida er ein periode som byr på store omveltingar - både kroppsleg og mentalt. Dei unge skal finne ut kven dei er og kva dei står for, og møter nye krav og forventingar. Derfor er det heilt naturleg at mange kjenner på at kvardagen av og til kan vere vanskeleg. Mange unge slit psykisk i periodar. For dei fleste er psykiske plager forbigåande, men for nokre blir dei varige.

Dei siste åra har vi sett ein auke i prosentdelen unge som rapporterer om lettare psykiske helseplager i spørjeundersøkingar. Nokre meiner at auka individualisering i samfunnet og sterkare prestasjonspress, til dømes i skulen, ligg bak denne utviklinga. Andre meiner at auken kan skuldast større openheit om og merksemrd på slike plager. Forskinga gjev ingen klare svar på dette.


Det vi derimot veit er at symptom på angst og depresjon er dei vanlegaste plagene blant ungdom. Jenter er meir plaga og

oppsokker oftare hjelpe enn gutter. Konfliktfylte tilhøve i heimen og liten grad av sosial støtte aukar risikoene for slike plager. Fleire undersøkingar viser òg ein klar samanheng mellom mobbing og dårlig psykisk helse.

I Ungdata blir psykiske helseplager målte ved hjelpe av spørsmål som skal fange opp ulike former for depressive symptom. Ungdommane som rapporterer om at dei er mykje plaga med fleire slike symptom, blir rekna for å ha eit «høgt nivå». På landsbasis oppfyller rundt 15 prosent av ungdomsskuleelevarne dette kriteriet. Det mest vanlege er typiske stresssymptom. Tre av ti rapporterer at dei er «ganske mykje» eller «veldig mykje» plaga av tankar om at «alt er eit slit» eller at dei «uroar seg for mykje om ting». Jenter rapporterer mykje oftare om alle dei ulike psykiske plagene som blir målte.

Har du vore plaga av einsemd i løpet av den siste veka?

Prosentdel av ungdomsskuleelevar i Bygland og i Noreg




■ Ikkje plaga i det heile teke

■ Lite plaga

■ Ganske mykje plaga

■ Veldig mykje plaga




Prosentdel som er mykje plaga med depressive symptom

Blant gutter og jenter




Så mange har hatt ulike plager i løpet av den siste veka



Tidstrend i Bygland

Prosentdel ungdomsskuleelevar som er mykje plaga av...



Sjølvbilete

Sjølvbiletet er ein viktig del av identiteten vår og handlar om korleis vi ser på oss sjølve, både på godt og vondt. Ungdommar som har det bra, har ofte eit positivt sjølvbilete.

Sjølvbiletet blir utvikla gjennom heile livet, og blir påverka av stadfestande samspel med andre. Positive tilbakemeldingar kan bidra til å bygge eit positivt sjølvbilete, medan ständig kritikk kan bidra til eit negativt sjølvbilete.

Det er ikkje uvanleg å kjenne seg usikker frå tid til anna. Ungdomstida handlar om å bli kjend med seg sjølv og finne ut av kva ein står for. Ein er gjerne ekstra var for andre sine kommentarar og syn på ein sjølv.

Forsking har vist at der er ein samanheng mellom negativt sjølvbilete og problem som eteforstyrringar, angst og depresjon.

Sjølvbiletet er òg påverka av kor nøgd ungdommen er med kroppen sin og sin eigen utsjånad.



Generelt viser Ungdata at det store fleirtalet av norske ungdommar er nokså godt nøgde med korleis dei sjølve ser ut.

Samstundes varierer ungdommane sine vurderingar ein god del, og på spørsmål om kor nøgde ungdommar er med sin eigen utsjånad, er det nokså mange som er direkte misnøgde.

Kjønnsforskjellane er store. Jentene er langt mindre nøgde med seg sjølve, sin eigen utsjånad og måten dei lever livet sitt på enn gutane.


Kor nøgd er du med utsjånaden din?

Prosentdel av ungdomsskuleelevar i Bygland og i Noreg




Prosentdel som er nøgde med utsjånaden sin

Blant gutter og jenter




Kor godt ulike utsegner om sjølvbilete passar på dei sjølve



Tidstrend i Bygland

Prosentdel ungdomsskuleelevar som er nøgde med utsjånaden sin



Tobakk

I løpet av dei siste 20-25 åra har kampen mot røyking blitt intensivert. I 1996 blei aldersgrensa for å kjøpe tobakk heva frå 16 til 18 år. Røykjelova blei skjerpa endå meir mellom 2004 og 2013. Tiltaka har ført til ein nedgang i prosentdelen daglegrøykjarar som er mest utan sidestykke i norsk sosialhistorie. Prosentdelen røykjarar har gått markant ned frå tusenårsskiftet til i dag, både blant ungdom og vaksne.

Samstundes har prosentdelen unge som snusar, gått opp. Auken i snusing veg likevel ikkje opp for nedgangen i røyking, og den samla bruken av tobakk har gått ned.

Parallelt har det skjedd nokså djuptgripande endringar i synet på røyking - òg blant dei unge. Før var røyking ein viktig vaksenmarkør med ein viss status. I dag, derimot, gjev røyking lite status og respekt i dei fleste ungdomsmiljø.

Verdas helseorganisasjon si internasjonale undersøking om «Helsevanar blant


skuleelevar» viser at tobakksrøyking er mykje mindre vanleg blant norske elevar enn blant ungdom i dei fleste av dei 40 landa som deltek i undersøkinga.

Ungdata viser at røyking er meir eller mindre heilt ut, i alle fall på ungdomstrinnet. Svært få røykjer dagleg, og det er heller ikkje så mange som røykjer kvar veke. Det store fleirtalet har aldri prøvd å røykle. Det er heller ikkje så mange på ungdomstrinnet som bruker snus, men det er fleire som snusar enn som røykjer.

Røyking er heilt ut på ungdomsskulen. Det er heller ikkje mange som snusar.

Røykjer du?


Prosentdel av ungdomsskuleelevar i Bygland og i Noreg




Prosentdel som røykjer eller snusar kvar dag eller kvar veke

Blant gutter og jenter

Røykjer du?




Snusar du?



Tidstrend i Bygland

Prosentdel ungdomsskuleelevar som bruker tobakk regelmessig

■ Røykjer dagleg/kvar veke ■ Snusar dagleg/kvar veke



Alkohol

Alkohol er eit rusmiddel med lange tradisjonar i Noreg. Trass i at vaksne i dag drikker meir alkohol enn tidlegare, har ungdommen sin alkoholbruk flata ut, og frå tusenårsskiftet har det vore ein tydeleg nedgang. Likevel er det framleis mange unge som drikker alkohol, og då særleg i den siste delen av tenåra.

For mange fungerer eksperimentering med og bruk av alkohol som ei symbolsk markering av overgangen frå barn til ungdom. Drikking i ungdomsåra er dessutan samanfletta med vennskap, flörtning og ein sosial livsstil. Unge som drikker alkohol midt i tenåra, har som regel mange venner og eit aktivt sosialt liv.

Samstundes veit vi at det å drikke alkohol fører med seg ein risiko for akutte skadar, og at ungdom som byrjar å drikke tidleg, ofte har eit åferdsmønster som inkluderer andre typar antisosial åferd og bruk av tyngre rusmiddel. Ungdom i ein slik situasjon har som regel eit meir trøbblete forhold til skulen

og foreldra enn andre. Dei gjer seg oftere skuldige i kriminelle handlingar, har dårlegare psykisk helse og får oftere problem seinare i livet.



Ungdata viser stor variasjon i kor gamle ungdommar er når dei byrjar å drikke alkohol. Det store fleirtalet har ikkje vore rusa i løpet av ungdomsskulen. På slutten av ungdomsskulen har omrent ein av fire opplevd å ha vore rusa.

Det er generelt små forskjellar mellom gutter og jenter sine alkoholvanar.

Få av
ungdomsskuleelevarne
har vore fulle


Kor mange gonger har du drukke så mykje at du har kjent deg tydeleg ruspåverka

Prosentdel av ungdomsskuleelevar i Bygland og i Noreg




Prosentdel som har vore tydeleg rusa det siste året

Blant gutter og jenter




Hender det at du drikk noka form for alkohol?

■ Gutar ■ Jenter



Tidstrend i Bygland

Prosentdel ungdomsskuleelevar som har vore tydeleg rusa det siste året



Hasj

Bruk av narkotiske stoff er ulovleg og blir til dels sterkt fordømt. Det er i dag omdiskutert om det å prøve hasj eller marihuana isolert sett er farlegare enn å debutere tidleg med alkohol. Uansett er det ein viktig forskjell, nemleg at alkohol er eit lovleg og sosialt akseptert rusmiddel, medan hasj og andre narkotiske stoff er forbodne. Både rusmiddelbrukarane si eiga forståing og omverda sine tolkingar og reaksjonar blir påverka av om stoffet er lovleg eller ikkje. Unge som bruker ulovlege rusmiddel, har kryssa ei ekstra grense.

Etter at bruken av hasj og marihuana blant tenåringar gjekk opp på 1990-talet, kom det ein tydeleg nedgang fram til midten av det første tiåret etter tusenårsskiftet. Utviklinga har vore meir stabil sidan då, men det ser ut som om bruken er i ferd med å auke igjen.


Ungdata viser at relativt få elevar på ungdomstrinnet har erfaring med hasj og marihuana. Det har vore ein liten auke i omfanget av hasjrøyking det siste året.

Bruken av slike stoff aukar derimot mykje gjennom tenåra. Det er generelt fleire gutter enn jenter som har prøvd hasj.

Det er heller ikkje så vanleg at ungdom på ungdomstrinnet har blitt tilbodne hasj, sjølv om det har vore ein liten auke sidan 2015. Det er ein god del fleire som blir tilbodne stoffet enn det er som har prøvd det, og gutter blir tilbodne stoffet oftare enn jenter.

Har du brukt hasj eller marihuana i løpet av det siste året?

Prosentdel av ungdomsskuleelevar i Bygland og i Noreg



Mobbing

Mobbing er eit alvorleg problem som rammar mange unge. Mobbing kan definerast som gjentekne negative handlingar der ein eller fleire personar medvite og med vilje skadar eller prøver å skade eller påføre nokon ubehag. Som regel kan ikkje mobbeoffer ta igjen. Mobbinga kan vere fysisk, ved bruk av vald, eller psykisk, som vedvarande utfrysing frå venneklokkja.

Mobbing er vanlegast på barneskulen og minkar utover tenåra. Det er likevel ein del som regelmessig opplever å bli utfrosne, utesettende eller plaga òg på ungdomstrinnet. Både dei som mobbar og dei som blir utsette for mobbing, er risikoutsette grupper. Mobbeoffera er særleg utsette for fysiske og psykiske problem seinare i livet.

Ungdata måler mobbinga på ein indirekt måte. På spørsmål om kor vidt ein blir plaga, utfrosen eller truga av andre ungdommar, svarer omtrent 7-8 prosent av elevane på landsbasis at dei opplever dette kvar 14. dag eller oftare.



Ein ny type mobbing har blitt meir aktuell dei siste åra, nemleg digital mobbing. I Ungdata er det relativt få som rapporterer at dei har blitt utsette for slik mobbing. Det ser ut til å vere kjønnsforskjellar i omfanget av digital mobbing, som jenter blir utsette for oftare enn gutar.

Omfanget av mobbing har halde seg relativt stabilt over tid. Trenden i Ungdata sidan 2010 tyder på at litt fleire jenter enn før opplever å bli mobba, medan tala for gutane ikkje har endra seg.

Mange ungdommar blir utsette for mobbing


Blir du sjølv utsett for plaging, trugsmål eller utfrysing av andre unge på skulen eller i fritida?

Prosentdel av ungdomsskuleelevar i Bygland og i Noreg



Prosentdel som blir mobba minst kvar 14. dag

Blant gutter og jenter



Prosentdel som har opplevd negative ting via nett eller mobil

At nokon via nettet eller mobil har skrive sårande ting til deg eller om deg



At nokon har stengt deg ute frå sosiale ting på nettet



At nokon har lagt ut sårande bilete eller videoar av deg på nettet eller mobil




At nokon har truga deg via nettet eller mobil



■ Ingen gonger ■ 1 gong ■ 2-5 gonger ■ 6 gonger eller meir

Tidstrend i Bygland

Prosentdel ungdomsskuleelevar som blir mobba minst kvar 14. dag



Vald

Ungdom er involverte i valdsepisodar oftare enn andre aldersgrupper. Valden kan ta ulik form og kan grovt sett delast inn i fysisk, psykisk og seksuell vald.

Gjerningspersonane kan vere både vaksne og jamaldringar.

Vald blir gjerne vurdert ut frå konsekvensar og styrkeforholdet mellom partane. Sjølv om mesteparten av den valden som går føre seg blant ungdom, ikkje gjev varige mein, kan grov vald i ungdomstida føre til alvorlege fysiske og/eller psykiske problem for dei det gjeld.

Nokre gonger er det tydeleg kven som er den aktive parten, medan det andre gonger er vanskeleg å skilje klart mellom offer og utøvar. Gutar er overrepresenterte i begge gruppene. Dei utøver ulike former for vald i langt større grad enn jentene, og dei blir klart oftare offer for vald.



I Ungdata svarer 15 prosent av gutane og 7 prosent av jentene på ungdomstrinnet at dei

har blitt utsette for truslar om vald. Ein del blir òg skadde på grunn av vald. På landsbasis har så mange som elleve prosent av gutane og seks prosent av jentene på ungdomstrinnet blitt skadde eller fått sår på grunn av vald. Omfanget av vald som blir rapportert gjennom Ungdata, har gått noko ned sidan målingane starta tidleg på 2010-talet. Dette gjeld både truslar om vald og valden som har enda med sår eller skadar. Dei ferskaste tala tyder på ein viss auke, først og fremst blandt gutter på ungdomstrinnet.

Gutar er langt meir utsette for vald enn jenter

Har du blitt utsett for trugsmål om vald i løpet av det siste året?

Prosentdel av ungdomsskuleelevar i Bygland og i Noreg



■ Ingen gonger


■ 1 gong

■ 2-5 gonger

■ 6 gonger eller meir

Prosentdel som har blitt utsette for trugsmål om vald minst éin gong det siste året

Blant gutter og jenter



Prosentdel som har blitt utsette for ulike former for vald det siste året

Eg har blitt skadd så sterkt på grunn av vald at det kravde tilsyn av lege



Eg har fått sår eller skade på grunn av vald utan at eg trøng tilsyn av lege




Eg har blitt slått utan å få synlege merke



■ 1 gong ■ 2-5 ganger ■ 6 ganger eller meir

Tidstrend i Bygland

Prosentdel ungdomsskuleelevar som har blitt utsette for trugsmål om vald minst éin gong det siste året



Regelbrot

Ungdomstida er ein periode då dei unge prøver seg ut på nye arenaer. I denne fasen deltek mange i handlingar som er på kant med lova - eller på kant med det som er alminneleg sosialt akseptert. Det er eit etablert funn innanfor kriminologisk forsking at lovbroter er vanlegast blant ungdom og unge vaksne.

Tidleg kriminell debut og alvorlege lovbroter aukar risikoen for ein kriminell karriere seinare i livet.

Det er ikkje heilt tilfeldig kven som hamnar i denne gruppa. Ungdommar som gjer seg skuldige i kriminelle handlingar, har ofte andre tilleggsproblem, som til dømes ustabile heimeliv, dårlig psykisk helse, dårlig skuletilpassing, svakt sosialt nettverk og rusproblem.

Etter ein nokså kraftig auke gjennom store delar av etterkrigstida, har ungdomskriminaliteten gått ned dei siste 10-



15 åra. I eit historisk perspektiv blir dessutan dei unge kriminelle stadig eldre. På slutten av 1950-talet var kriminalitet i Noreg vanlegast blant 14-åringane. I dag er det 19-åringane som toppar kriminalstatistikken.

Ungdata viser at ungdommen i dag er generelt veltilpassa og ikkje spesielt opptekne av å bryte reglar. Sidan 2015 har prosentdelen som gjer seg skuldige i Regelbrot gått opp, særleg blant gutane.

Ungdommen i dag er generelt lite opptekne av å bryte reglar


Kor mange gonger har du vore i slåsskamp det siste året?

Prosentdel av ungdomsskuleelevar i Bygland og i Noreg




Prosentdel med seks eller fleire regelbrot det siste året

Blant gutter og jenter




Har du gjort dette i løpet av det siste året?




Tidstrend i Bygland


Prosentdel ungdomsskuleelevar med seks eller fleire regelbrot det siste året



Nøkkeltal – fylket



Nøkkeltal – kommunestorleik



Nøkkeltal – definisjonar (side 1)

Nøgd med foreldra:

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Kor nøgd eller misnøgd er du med foreldra dine?».

Indikatoren viser kor mange prosent av ungdommane som svarer «svært nøgd» eller «litt nøgd».

Nøgd med lokalmiljøet:

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Kor nøgd eller misnøgd er du med lokalmiljøet ditt?».

Indikatoren viser kor mange prosent av ungdommane som svarer «svært nøgd» eller «litt nøgd».

Nøgd med skulen sin:

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Kor nøgd eller misnøgd er du med skulen din?».

Indikatoren viser kor mange prosent av ungdommane som svarer «svært nøgd» eller «litt nøgd».

Er nøgde med helsa si:

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Kor nøgd eller misnøgd er du med helsa di?».

Indikatoren viser kor mange prosent av ungdommane som svarer «svært nøgd» eller «litt nøgd».

Trur at ein får eit lykkeleg liv:

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Trur du at du kjem til å få eit godt og lukkeleg liv?».

Indikatoren viser kor mange prosent som svarer «ja».

Har minst éin fortruleg venn:

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Har du minst éin venn som du kan stole heilt på og trudeg til om alt mogleg?». Indikatoren viser kor mange prosent som svarer «Ja, heilt sikkert» eller «Ja, det trur eg».

Deltek i organiserte fritidsaktivitetar:

Indikatoren er målt med spørsmålet «Er du, eller har du tidlegare vore, med i nokon organisasjonar, klubbar, lag eller foreiningar etter at du fylte ti år?». Indikatoren viser kor mange prosent av ungdommane som svarer «Ja, eg er med no».

Bruker meir enn to timar framfor ein skjerm kvar dag:

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Utanom skulen, kor lang tid bruker du vanlegvis på aktivitetar framfor ein skjerm (TV, data, nettbbrett, mobil) i løpet av ein dag?». Indikatoren viser kor mange prosent som svarer to timar eller meir.

Trenar minst éin gong i veka:

Indikatoren er målt med fire spørsmål om kor ofte ungdommen trenar eller driv med desse aktivitetane: «Trenar eller konkurrerer i eit idrettslag», «Trenar på treningsstudio eller helsestudio», «Trenar eller trimmar på eiga hand (spring, sym, syklar, går tur)» og «Driv med anna organisert trening (dans, kampsport e.l.)». Indikatoren viser kor mange prosent som svarer at dei trenar minst éin gong i veka.

Nøkkeltal – definisjonar (side 2)

Mykje plaga av einsemد:

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Har du i løpet av den siste veka vore plaga av å kjenne deg einsam?». Indikatoren viser kor mange prosent av ungdommane som svarer «veldig mykje plaga» eller «ganske mykje plaga».

Mykje plaga av depressive symptom:

Indikatoren er målt med eit spørsmål om ein i løpet av den siste veka vore plaga av noko av dette: «Kjent at alt er eit slit», «Hatt søvnproblem», «Kjent deg ulykkeleg, trist eller deprimert», «Kjent håpløyse med tanke på framtida», «Kjent deg stiv eller spent» og «Uroa deg for mykje om ting». Indikatoren viser kor mange prosent som i gjennomsnitt svarer at dei minst er ganske mykje plaga med desse symptomata.

Har vore rusa på alkohol det siste året:

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Kor mange gonger har du drukke så mykje at du har kjent deg tydeleg ruspåverka det siste året (dei siste 12 månadene)?». Indikatoren viser kor mange prosent som svarer at dei har gjort dette minst éin gong.

Blitt utsett for truslar om vald:

Indikatoren er målt med spørsmål om ein i løpet dei siste 12 månadene har: «blitt utsett for truslar om vald». Indikatoren viser kor mange prosent som svarer at dette har skjedd minst éin gong.

Blir mobba:

Indikatoren er målt med spørsmålet «Blir du sjølv utsett for plaging, trugsmål eller utfrysing av andre unge på skulen eller i fritida?». Indikatoren viser kor mange prosent som svarer «ja, fleire gonger i veka», «ja, om lag ein gong i veka» eller «ja, om lag kvar 14. dag».

Litteratur

Foreldre og foreldreskap

Kari Stefansen, Ingrid Smette & Åse Strandbu (2016). Understanding the increase in parents' involvement in organized youth sports. *Sport, Education and Society*, 111.

Jon Ivar Elstad & Kari Stefansen (2014). Social Variations in Perceived Parenting Styles among Norwegian Adolescents. *Child Indicators Research* 7(3):649-70.

Venner

Lars Roar Frøyland & Cay Gjerustad (2012). Vennskap, utdanning og framtidsplaner. Forskjeller og likheter blant ungdom med og uten innvandrerbakgrunn i Oslo. Oslo: NOVA.

Skule og framtid

Tormod Øia (2011). *Ungdomsskoleelever. Motivasjon, mestring og resultater*. NOVA rapport X/2011. Oslo: NOVA.

Erling Skaalvik & Roger Andre Federici (2015). Prestasjonspresset i skolen. Bedre skole (3).

Anders Bakken (2016). Endringer i skoleengasjement og utdanningsplaner blant unge med og uten innvandringsbakgrunn. Trender over en 18-årsperiode. *Tidsskrift for Ungdomsforskning* 16(1):40-62.

Gunn E. Birkelund & Arne Mastekaasa (2009). *Integrt? Innvandrere og barn av innvandrere i utdanning og arbeidsliv*. Oslo: Abstrakt forlag.

Statistikkbanken. ssb.no

Ungdomskultur

Guro Ødegård (2016). Ungdom, opprør og tilpasning. Et essay om generasjonsdannelser. *Sosiologi i dag*, side 9-37 (nr. 3/4, årgang 46).

Tormod Øia & Viggo Vestel (2014). Generasjonskløfta som forsvant. Et ungdomsbilde i endring. *Tidsskrift for Ungdomsforskning* 14(1):99-133.

Mediebruk

Medietilsynet (2016). Barn og medier 2016. www.barnogmedier2016.no.

Lars Roar Frøyland, Marianne B. Hansen, Mira Aaboen Sletten, Leila Torgersen & Tilmann von Soest (2010). *Uskyldig moro? Pengespill og dataspill blant norsk ungdom*. NOVA-rapport 18/10. Oslo: NOVA.

Mira Aaboen Sletten, Åse Strandbu og Øystein Gilje (2015). Idrett, dataspilling og skole - konkurrerende eller på lag? *Norsk pedagogisk tidsskrift* 99(05).

Sosial ulikskap

Anders Bakken, Lars Roar Frøyland & Mira Aaboen Sletten (2016). *Sosiale forskjeller i unges liv. Hva sier Ungdata-undersøkelsene?* NOVA rapport 3/16. Oslo: NOVA, Høgskolen i Oslo og Akershus.

Mira Aaboen Sletten (2011). *Å ha, å delta, å være en av gjengen. Velferd og fattigdom i et ungdomsperspektiv*. Institutt for sosiologi og samfunnsgEOFografi. Oslo: Universitetet i Oslo.

Organiserte fritidsaktiviteter

Guro Ødegård (2007). Troløs ungdom. Endringer i ungdoms deltagelse i frivillige organisasjoner fra 1992 til 2002. I Strandbu & Øia (red): *Ung i Norge. Skole, fritid og ungdomskultur*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.

Idrett

Ørnulf Seippel, Mari Kristin Sisjord & Åse Strandbu (2016). *Ungdom og idrett*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Guro Ødegård, Anders Bakken & Åse Strandbu (2016). *Idrettsdeltakelse og trening blant ungdom i Oslo. Barrierer, frafall og endringer over tid*. Rapport 2016-7. Oslo/Bergen: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.

Trygve B. Broch (2016). Trening til samfunnssdeltakelse. Hvordan idrettsungdom leker med og etablerer solidaritet til hierarkier. *Sosiologi i dag* 46 (3/4):64-86).

Litteratur

Psykisk helse

Mira Aaboen Sletten & Anders Bakken (2016). *Psykiske helseplager blant ungdom - tidstrender og samfunnsmessige forklaringer. En kunnskapoversikt og en empirisk analyse.* NOVA notat 4/16. Oslo: NOVA, Høgskolen i Oslo og Akershus.

Tilmann von Soest & Christer Hyggen (2013). Psykiske plager blant ungdom og unge voksne - hva vet vi om utviklingen de siste årtiene? I Hammer & Hyggen (red): *Ung voksen og utenfor. Mestring og marginalisering på vei til voksenlivet.* Oslo: Gyldendal akademiske.

Silje Hartberg & Kristinn Hegna (2014). "Hør på meg. Ungdomsundersøkelsen i Stavanger 2013." NOVA-rapport 2/14. Oslo: NOVA.

Lars Wichstrøm (2006). Internaliserende vansker. I *Ung i Norge - psykososiale utfordringer.* Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Helse og trivsel

Oddrun Samdal m.fl (2016). *Helse og trivsel blant barn og unge.* Hemil-rapport 1/2015. Bergen: Hemil-senteret, Universitetet i Bergen.

Rusmiddel

Willy Pedersen (2015). *Bittersøtt.* Oslo: Universitetsforlaget.

Willy Pedersen & Tilmann von Soest (2015). Adolescent alcohol use and binge drinking: An 18-year trend study of prevalence and correlates. *Alcohol and alcoholism*, 50(2), 219-225.

Tormod Øia (2013). *Ungdom, rus og marginalisering.* Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Mobbing

Dan Olweus (2012). Cyberbullying: An overrated phenomenon? *European Journal of Developmental Psychology*, 9(5), 520-538.

Kyrre Breivik, Edvin Bru, Charlotte Hancock, Thormod Idsøe, Ella Cosmovici Idsøe, & Mona E. Solberg (2018). Å bli utsatt for mobbing. En kunnskapsoppsummering om konsekvenser og tiltak. Stavanger: Læringsmiljøsenteret.

Dan Olweus (2000). *Mobbing i skolen. Hva vi vet og hva vi kan gjøre?* Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

Ingunn Marie Eriksen & Selma Therese Lyng (2015). *Skolers arbeid med elevenes psykososiale miljø. Gode strategier, harde nøtter og blinde flekker.* NOVA rapport 14/15. Oslo: NOVA/AFI, Høgskolen i Oslo og Akershus.

Regelbrot

Lars Roar Frøyland & Mira Aaboen Sletten (2012). Mindre problematferd for de fleste, større problemer for de få? En studie av tidstrender i problematferd: 1992, 2002 og 2010. *Tidsskrift for ungdomsforskning*, 12(2), 43-66.

Vald

Svein Mossige & Kari Stefansen (2016). *Vold og overgrep mot barn og unge. Omfang og utviklingstrekk 2007-2015.* NOVA-rapport 5/16. Oslo: NOVA.

Kari Stefansen, Ingrid Smette og Dagmar Bossy (2014). Angrep mot kjønnsfriheten: Unge jenters erfaringer med uønsket befølging. *Tidsskrift for Kjønnsforskning* 38(1):3-19.

Nasjonale resultat fra Ungdata

NOVA (2013). *Ungdata. Nasjonale resultater 2010-2012.* NOVA rapport 10/13.

NOVA (2014). *Ungdata. Nasjonale resultater 2013.* NOVA rapport 10/14.

NOVA (2015). *Ungdata. Nasjonale resultater 2014.* NOVA rapport 7/15.

Anders Bakken (2016). *Ungdata 2016. Nasjonale resultater.* NOVA rapport 8/16. www.ungdata.no

Anders Bakken (2017). *Ungdata 2017. Nasjonale resultater.* NOVA rapport 10/17. www.ungdata.no

Anders Bakken (2018). *Ungdata 2018. Nasjonale resultater.* NOVA rapport 8/18. www.ungdata.no

Ungdata 2019

Bygland

ungdata

